

REFERAT

Oppstartsmøte i plansaker i region Nordhordland og Gulen

Malen sin disposisjon:

1. Sak, tid og stad
2. Føremålet med planarbeidet
3. Rammer for planarbeidet
4. Viktige utgreiingsbehov ,(KU, Planprogram)
5. Lokale forskrifter og retningsliner som gjeld for planområdet:
6. Krav til planforslaget – innhald og materiale
7. Kommunaltekniske anlegg
8. Kart
9. Planprosess
10. Førebels råd frå kommunen
11. Attestasjon

Oppstartsmøtet sitt formål er å avklare offentlege føresetnader for at planforslaget skal kunna bli realisert og gje grunnlag for ein god planprosess.

Den som skal utarbeida reguleringsplan for eit område eller framlegg til endring av gjeldande plan, skal bestille eit oppstartmøte med kommunen før planarbeid blir starta.

Frå oppstartmøte skal det skrivast referat. Kommunane i region Nordhordland og Gulen har mai 2006 vedteke å bruka denne malen for desse referata. Momenta i malen skal fyllast ut.

1 Sak: 16/2424		(kommunen tildeler saksnummer)
Møtestad: Meland Rådhus		Møtedato: 27.10.2016
Deltakarar: frå forslagsstilla		Frå kommunen:
Tiltakshavar/konsulent: Statens vegvesen v/		Plan: Ingrid Raniseth, Alexander Helle Byggesak: Tore Johan Erstad Veg/prosjekt: Berit Eskeland
Prosjekteigar: Eva-Beate R. Torsvik Vegplanleggar: Øyvind Hauge Horge Planleggingsleiar: Eivind Kvarekvål		Landbruk: Marius Flemmen Knudsen Kultur: Eirik B. Utne VA: Harry Finseth
2. Føremålet med planarbeidet		
Bakgrunn for planarbeidet: Traseen Fløksand– Vikebø ligg langs Rv 564 Rosslandsvegen og er prosjekt nr. 4 i Nordhordalandspakken som vart vedteke i fylkestinget 09.06.2015. Strekket, på ca. 4 km, har i dag varierande standard med ei breidde frå om lag 6,5 til 3 meter. Vegen har asfaltert skulder på delar av strekninga, mens det på lengre strekk manglar skulder. Vegen tilfredsstiller ikkje krava i handbok N100 i forhold til breidde og geometri. Det manglar òg tilbod for mjuke trafikantar på strekninga bortsett frå den siste delen fram mot Vikebø. Dette gjer at alle mjuke trafikantar må ferdast i vegen.		

Tiltak/ Føremål

Mellombels kort skildring av omfang og planlagde tiltak:

Formålet med planen er å trafikksikre vegen fra Fløksand til Vikebø ved å etablere einsarta vegstandard med tilhøyrande gang- og sykkelveg. I samråd med vegeigar Hordaland Fylkeskommune skal vegen utbetras etter U-HØ2 Øvrige hovedveger, ÅDT 1 500 - 4 000 og fartsgrense 60 km/t jf. handbok N100. Vidare vert viktig å finna tilfredstillande løysingar for avkøyrsler og utbetring av busslommer langs vegen.

Moment frå oppstartsmøte

Vegprosjektet er eit trafikksikringstiltak NH-pakken, og utgangspunktet for prosjektet er utbetring av eksisterande veg. Om det viser seg at grunnforholda i Fløksandområde er for ustabile jf. førekost av kvikkleire kan ein vurdere å greia ut alternativ trase. Det er i midlertidig ikkje sett av midlar til omlegging av vegen i NH-pakken. Dette veit ein meir om når grunnboring langs traseen er utført ila hausten 2016.

Føresegner frå Kommuneplanens arealdel 2015–2026 som vedkjem planen:

1.4.6 Langs hovudvegen FV 564 skal kryssing av gang- og sykkeltrafikk i utgangspunktet skje planfritt.

1.6.11 Avkøyrsler til private vegar skal tilfredsstille dei same tekniske krav til utforming og frisikt som er sett for avkøyrsler til offentlege vegar.

Formålssoner innafor planområde

4.1.1 Sikringssone H190_1 og H190_2

H190_1 Rylandsvassdraget – verneplan for Rylandsvassdraget (sjå vedlegg)

H190_2 Hegerneset Forbodssone Forsvaret

Forbodssona til Forsvaret går i kystlinja. Forskrift som gjeld restriksjonar i militære forbodssoner er no på høyring. Spørsmål kring bandlegginga lyt ein rette til Forsvaret:

Forsvarsbygg

Postboks 405 Sentrum

0103 OSLO

post@forsvarsbygg.no

4.3.1 Omsyn landbruk H510_2 Ryland

Sona omfattar område med særskilde landbruksinteresser i pressområde. Landbruk skal ha særskilt vern innafor sona, og skal takast omsyn til ved planlegging, handsaming av søknader og gjennomføring av tiltak innafor områda.

4.4.3 Sone for felles planlegging, H810_4 Rydland

Det skal utarbeidast ein områdereguleringsplan for deler av Ryland i høve til infrastruktur, bustad og næringsareal.

Konsekvensutgreiing

Ut frå dei opplysningane ein veit i dag er det vurdert at planen ikkje utløyser KU etter plb. § 4-2. Administrasjonen vurderer likevel at planen kan utløse KU dersom vegen vert lagt om/får ny trase for deler av strekket. Ein vil kome tilbake til dette når forundersøkingane er klare.

Kultur

Automatisk freda busetjings–aktivitetsområde er kartlagd Leirvik saman med andre forminner. Fylkesmannen kan på bakgrunn av dette ynskje forundersøking. I sjølvé planområdet er det SEFRAK–registrerte bygg.

Friluftsliv

Leirvika er ein populær badeplass om sommaren og det er ynskjeleg at planen ivaretak planane for friluftsområdet ved å legge til rette for trygg tilkomst og parkering jf. Fløksand friluftsområde

Landbruk/miljø

Kommunen opplyste om at området det er en del gode jordbruksareal innafor planområdet, og at landbruskavdelinga er opptatt av utbygginga tek minst mogleg matjord. Kommunen viste kjerneområde landbruk, ein av temaplanane til kommuneplan.

Sjå punkt 4 for meir detaljert informasjon og sjå vedlegga til referatet.

Støy

Kartleggje støy frå ny veg og evt. støyskjermingstiltak

Planer i området

Lenker til planane kjem under pkt. 3

Leirvik gard

- Vedtatt 1998, revidert 2008
- Kryss mot Rv564 med område for busshaldeplass må takast med i ny plan. Løysinga må vurderas.

Fløksand friluftområde

- Vedtatt 1996
- Berre deler av planen er satt i verk. Tilkomst til badeplass/bustadfelt /Fløksand kai skal takast med, men ein må vurdera løysingane.

Hjertås Nord

- vedtatt 2005
- vidareføre fortau, samt overlapp i plankart (min 1-2 meter)

Bergotunet

- vedtatt 2014
- overlappe i plankart (min 1-2 meter)

Rylandshøgda områdeplan

- varsle hausten 2016
- ein lyt samarbeide om felles infrastruktur
- løyse parkering til friluftsområde som Rylandsvatnet og Lunden?

- god overlapp i plankart

Vatn og avløp

Det vart etablert ny vassleidning langs Rosslandsvegen i 2013 som må takas omsyn til. Tiltakshavar har fått stikningsdata tilsendt.

Medverknad

Planarbeidet skal kunngjeras med brev til berørte myndigheter, grunneigarar og naboar samt organisasjonar. Samtidig skal planarbeidet annonseras i minst 1 lokalavis. Det er vanleg å setje inn annonse i Strilen /Nordhordaland.

Ein ser for seg folkemøte/grunneigarmøte når resultata frå grunnboringa er ferdig. Elles vil SVV opprette ei eigen prosjektside på vegvesen.no for Fløksand–Vikebø og vi snakka om mulegheita for å arrangere open kontordag på Meland Rådhus.

Aktuelle kontaktar for planarbeidet

VA: harry.finseth@meland.kommune.no

Kultur: eirik.utne@meland.kommune.no

Landbruk: marius.knudsen@meland.kommune.no

Planleggjar: alexander.helle@meland.kommune.no

Geodata: annqunn.gullbra@meland.kommune.no

Plan: ingrid.raniseth@meland.kommune.no

Veg/prosjekt: berit.eskeland@meland.kommune.no

3. Rammer for planarbeidet

(kommunen/konsulent fyller ut)

Følgjande arealplanar gjeld for heile eller deler av området (ID og dato skal førast):

Plantype	Plannamn / PlanID
Kommuneplanen sin arealdel	Arealdel/ 1256 2010 0003
Kommunedelplan	Nei
Kommunalt planprogram	Nei
Reguleringsplan Områdeplan Detaljplan	125619960529 Reguleringsplan for del av Leirvik gard 125619860611 Reguleringsplan for Fløksand friluftsområde 125620050316 Reguleringsplan for Hjertås nord 125620110002 Detaljregulering for Bergotunet 125620160004 Områdeplan for Rylandshøgda
Andre planar/vedtak(t.d. kommunal planstrategi, fylkesdelplan m.v)	Konsulenten kontrollerer dette. <ul style="list-style-type: none"> • Fylkesplan for Hordaland 2005 – 2008 • Fylkesdelplan for energi, 2001–2012

	<ul style="list-style-type: none"> • Fylkesdelplan for kulturminne, 1999–2010 • Fylkesdelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv, 2008–2012 • Klimaplan for Hordaland 2010–2020 • Regional plan for folkehelsearbeidet i Hordaland • Regional kulturplan for Hordaland 2015–2025
	Plannamn / PlanID
Planen vil heilt erstatte følgjande plan(ar)	Ikkje aktuelt
Planen vil erstatte deler av følgjande plan(a)r	<p>125619960529 Reguleringsplan for del av Leirvik gard</p> <p>125619860611 Reguleringsplan for Fløksand friluftsområde</p> <p>(125620050316 Reguleringsplan for Hjertås nord)</p> <p>(125620110002 Detaljregulering for Bergotunet)</p> <p>125620160004 Områdeplan for Rylandshøgda</p>
Aktuell reguleringsstype	
Detaljregulering	Detaljplan med føresegner utarbeidas innafor rammene av §§ 25 og 26 i Pbl. Detaljplan skal m.a. syne eideomsgrenser, byggjegrenser, plassering av bygningar og anlegg, ev. støyskerm, planerings- og bygningshøgder, terrenghandsaming (skjering/fylling/mur), min. 2 m anna veggrunn langs veg, svingradius og høgder for veg mm.
Reguleringsendring (opplys om planidentitet til plan som det er ønske om å endra)	
Områdeplan	
	For områdeplan er kommunen ansvarleg for utarbeiding, jf. pbl §12–2. Dersom private skal gjennomføre områdeplan, må det gjerast gjennom avtale/samarbeid med kommunen. Det må normalt gjerast politisk vedtak om slikt arbeid.
Ikkje avklara	Dersom det er tvil om plantype vil ein gjere nye vurderingar etter framkomne opplysningar under oppstartsmøte.
Planavgrensing	Tiltakshavar/konsulent sender planavgrensing i SOSI og pdf format etter oppstartsmøtet / endeleg avklaring av plangrense (SOSI-fil i situasjonskartet).
Plannamn (må tilfredsstilla krava i stadnamnlova.)	
Forslagsstillar sitt forslag til namn	Detaljregulering for Fløksand– Vikebø, gbnr 5/142 m. fl.

		Ny PlanId 1256 2016 0010
	Kommunen vedtek plannamnet og nye stadnamn i planen. Kommunen vil koma med melding attende med omsyn til ID og namn på planen før oppstart av planarbeidet	
	Planframlegget	Merknad (føremål, område..)
	Planframlegg i samsvar med overordna plan	Ja
	Planframlegg ikkje i samsvar med overordna plan.	
	Vertikalnivå	Merknad
	Fleire vertikalnivå, jf. forskrifta § 9 tredje ledd	Ja, formål under og etter byggeperiode.
	Planarbeid i området	Merknad
	Det er ikkje anna planarbeid i området som kommunen kjenner til	Nei
	Det går føre seg planarbeid i området:	<u>125620160004 Områdeplan for Rylandshøgda</u>

4. Utgreiingsbehov for planarbeidet	
Lokale tilhøve som føreset særleg utgreiing/vektlegging i planarbeidet :	
1. Barn og unge sine interesser	Ja, planskildring og føresegner. Barnetråkk, dagens bruk ol.
2. Funksjonshemma og eldre sine interesser	Ja, planskildring og føresegner
3. Universell utforming	Ja, planskildring og føresegner.
4. Jordvern- og landbruksfaglege vurderingar	<p>Ja, planskildring og føresegner Kommunen opplyste om at det er ein god del jordbruksareal innafor planområdet, og at landbruskavdelinga er opptatt av utbygginga tek minst mogleg matjord. Kommunen viste kjerneområde landbruk, ein av temaplanane til kommuneplan.</p> <p>Kommunen ynskjer å nytta massar frå utbygging som ressurs for landbruk og samfunn. Overskotsmasse i utbyggingsområde skal så langt som mogeleg brukast på staden, til dømes til istandsetting og tilarbeiding av terrenget. Utbyggingsområda må planleggast og utviklast slik at behovet for å transportere bort masser blir minst mogeleg. Dersom det blir masse til overs, må utbyggjer vise kvar overskotsmassen skal mottakas parallelt med utarbeiding av reguleringsplanen. Overskotsmassar frå tidligare dyrka jord- og jordmassar som er eigna til jordbruksproduksjon bør nyttast til forbeting av eksisterande jordbruksareal og difor</p>

	<p>leverast til godkjende jordmassemottak lokalt.</p> <p>Plan for slik gjennomføring må vera på plass seinast før igangsetting av tiltak innafor planområdet, og må takast med i rekkjefølgjekrava i planen.</p>
5. Biologisk mangfold	<p>Ja, planskildring. Det er registrert fleire spesielle artar og naturverdiar i og i nærleiken til planområde. Det er registrert to naturtypar med verdi B, og fleire sårbare og trua fisk- og fuglearter. Det må takast omsyn til desse i vidare planlegging av vegutbygging.</p> <p>Kommunen viste også til at Rylandsvassdraget er eit verna vassdrag med ein eigen forvaltningsplan. Delar av planområdet ligg i Rylandsvassdraget, og store delar ligg innafor nedslagsfeltet. Det må i vidare planlegging komme fram kva påverknad utbygginga vil kunne få på vassdraget og korleis ein vil unngå eventuelle påverknader.</p> <p>Vidare må det gjerast ei vurdering av tiltaket etter naturmangfaldslova §§ 8–12 i planarbeidet. Det bør også takast omsyn til terreng og naturlege grøntområde i området i samsvar med framtidig landskapsanalyse.</p>
6. Kulturlandskap og kulturminne	<p>Ja, planskildring og føresegner. Det er registrert SEFRAK-bygg på riksantikvaren sine kart og i nærleiken av planområde i Leirvika er det registrert busetnad/aktivitetsområde.</p>
7. Strandsona, sjø og vassdrag	<p>Ja, planskildring og føresegner. Store deler av vegen går gjennom sikringssona H190_1 Rylandsvassdraget. Her må ein leggje verneplan for Rylandsvassdraget til grunn i planlegginga.</p> <p>Forsvaret har forbodssone H190_2 som går i kystlinja langs Leirvika. Sona lyt omtalas i skildringa og Forsvaret må varslas.</p> <p>Her er friluftsinteresser langs sjø ved Leirvika som må omtalas .</p>
8. Miljøvernfanglege vurderinger	<p>Ja, planskildring og føresegner. Det er registrert spesielle artar og miljøverdiar i og i nærleiken av det aktuelle området, ein lyt i planlegginga leggja vekt på miljøomsyn og ein lyt følgje naturmangfaldslova.</p>
9. Samfunnstryggleik og beredskap	<p>Ja, planskildring og føresegner. Innhente uttale frå kommunal brannavdeling.</p>
10. Kommunikasjon, veg og veg-tekniske tilhøve /trafikktryggleik	<p>Ja, planskildring og føresegner.</p> <p>Kommunen si VA-norm gjeld for planområdet .</p> <p>VA-norm:</p>

	http://www.va-norm.no/content/view/full/78565
11. Kommunaltekniske anlegg	Ny vassleidning langs traseen. Forslagsstilla lyst ha dialog med VVA-avdelinga her.
12. Stadutvikling, kjøpesenter	Ikkje aktuelt.
13. Klima og energi	Ja, planskildring og føresegner
14. Folkehelse (støy, ureining, m.v)	Ja, planskildring og føresegner. Det må gjerast vurderingar iht. støytiltak.

Førerels vurdering i høve forskrift om konsekvensutredninger av 2014	Ja	Nei	Vurderast nærmere
Fell tiltaket inn under § 2, <i>Planer som alltid skal handsamast etter forskrifta?</i>		X	
Fell tiltaket inn under § 3, <i>Planer som skal vurderes nærmere etter vedlegg III</i>			
<i>Kriterier for vurdering av vesentlige virkninger for miljø og samfunn, vedlegg III</i>			
a) områder som er vernet, midlertidig vernet eller foreslått vernet etter naturmangfoldloven kap. V eller etter markaloven § 11			
b) kulturminner eller kulturmiljø som er fredet, midlertidig fredet eller foreslått fredet etter kulturminneloven eller vernet etter plan- og bygningsloven, eller hvor det finnes eller er stor sannsynlighet for å finne automatisk fredete kulturminner som inngår i et kulturmiljø med stor tidsdybde			
c) laksebestander i områder som er omfattet av ordningen med nasjonale laksevassdrag og nasjonale laksefjorder,			
d) en forekomst av en utvalgt eller truet naturtype, verdifull naturtype av verdi A eller B, truet eller prioritert art, eller mot økologisk funksjonsområde for en prioritert art			
e) naturområder som er særlig viktige for utøvelse av friluftsliv			
f) særlig verdifulle landskap, store sammenhengende naturområder med urørt preg eller vernede vassdrag			
g) utøvelsen av samiske utmarksnæringer, eller er lokalisert i reindriftens særverdiområder eller minimumsbeiter og vil kunne komme i konflikt med reindriftsinteresser			
h) større omdisponering av landbruks-, natur- og friluftslivsområder eller områder som er regulert til landbruk og som er av stor betydning for landbruksvirksomhet			
i) vesentlig økt belastning av luftforurensning, støy eller lukt, eller vesentlig forurensning til vann, grunn eller sedimenter eller vesentlig stråling			
j) vesentlig økning av utslipp av klimagasser			

k) risiko for alvorlige ulykker, ras, skred eller flom			
l) konsekvenser for befolkningens helse eller helsens fordeling i befolkningen			
m) vesentlig påvirkning av miljømessig sårbarhet, naturens tålegrense eller områder der fastsatte grenseverdier er overskredet,			
n) omfattende bruk av eller båndlegging av naturressurser eller medføre store mengder avfall			
o) vesentlige miljøvirkninger i en annen stat			
p) vesentlige konsekvenser for befolkningens tilgjengelighet til uteområder, bygninger og tjenester			
q) statlige planretningslinjer, statlige planbestemmelser eller regionale planbestemmelser gitt i medhold av lov 27. juni 2008 nr. 71 eller gjeldende rikspolitiske bestemmelser eller rikspolitiske retningslinjer gitt i medhold plan- og bygningsloven av 14. juni 1985			
Utløser planen krav om KU ?			X
Vurdering om planens tiltak kjem inn under § 4 er gjort ut frå kjende opplysningar pr dato for oppstartsmøte.	Ved vesentlige endringar av planen vil ein vurdere krav om KU på nytt.	X	
Planprogram			
Utløser planen/ønska endring av gjeldande plan krav om planprogram/revisjon av gjeldande planprogram, jf. plan- og bygningsloven § 4-1 ?			
Rikspolitiske retningslinjer som vedkjem planarbeidet			
	2014 Statlige planretningslinjer for samordnet bolig-, areal- og transportplanlegging 2009 Statlig planretningslinje for klima- og energiplanlegging i kommunene 1995 Rikspolitiske retningslinjer for å styrke barn og unges interesser i planleggingen 1993 Rikspolitiske retningslinjer for samordnet areal- og transportplanlegging 1994 Rikspolitiske retningslinjer for vernede vassdrag T-1442 (2005) Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging 2011 Statlige planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsonen langs sjøen		
	Anna: Viktige dokument om planlegging, fortetting, flom og ras, ansvaret for jordressursane, Skildre tilhøva til regionale retningslinjer, folkehelseaspekt, bærekraft, born og unge etc.		

5. Lokale forskrifter og retningsliner som gjeld for planområdet (aktuell internettadressa skal skrivast i merknadsrubrikken)

Kommunale vedtekter	VA-norm http://www.va-norm.no/content/view/full/78565
Kommunale retningslinjer	Klima og Energiplan for Meland kommune 2012-

	<ul style="list-style-type: none"> • kommuneplanens retningslinjer • andre 	<p>2020 Temaplan for idrett, folkehelse og friluftsliv 2014–2019 Trafikksikringsplan 2012–2016 Overordna ROS-analyse for Meland 2013 <u>Tiltaksplan vassforsyning avlaup og vassmiljø 2015–2019</u></p>
--	----------------------------------------------------------------------------------------------------	-----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------

	Føresegner i arealdel av kommuneplan	<p>Ny arealdel med føresegner er førande for planarbeidet.</p> <p><u>Kommuneplanens arealdel for Meland 2015–2026</u></p>
--	--------------------------------------	-------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------

6. Krav til planforslaget – innhold og materiale

	Forslagsstiller er gjort kjent med "sjekkliste for plansaker" og "krav til planleveransen"	
	<ul style="list-style-type: none"> • Plankart i digital vektorform i samsvar med nasjonal standard • Planskildring med føresegner • Kopi av varsel og mottekne merknader • Evt. merknadskart • Sjekkliste for planlegging (utfyldt) • Illustrasjonsmateriale • Kontrolldokumentasjon (m.a. at plankartet tilfredsstiller kommunen sine tekniske standardkrav og nasjonale standardar) 	<ul style="list-style-type: none"> • Planskildring: Illustrasjonsmateriale, ROS-analyse, geologisk rapport, støyrapport, eventuell KU og planprogram eller andre aktuelle analyser skal alltid inngå i planskildringa. • I illustrasjonsmateriale inngår teikningar, perspektiv, kartdokumentasjon, landskapsanalyser, terregnprofilar av noverande/ny situasjon, foto, 3D illustrasjoner mm som er hensiktsmessig for skildringa. • Tekniske vegteikningar, teikningshefte • Kopi av kunngjering og mottekne merknader, sjekkliste og kontrolldokumentasjon kan leggast som vedlegg • Massebalanse, dokumentasjon/plan for dette også jf. pkt. 4 om jordvern

7. Kommunaltekniske anlegg

Merknad

	Forslagsstiller er gjort kjent med kommunaltekniske anlegg for veg, vann og avlaup som vedkjem tiltaket.	Ja
	Tiltaket føreset utbygging/utbetring av kommunaltekniske anlegg	Kan vere aktuelt
	Tiltaket krev godkjent utbyggingsavtale med kommunen	

8. Kart

	Planforslaget skal presenterast på tilstrekkeleg oppdatert kartgrunnlag (basiskart) og vera i samsvar med kartforskrifta til § 2-1 i pbl. Tiltakshavar skal rekvirere situasjonskart hos
--	------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------

	kommunen. Det er orientert om framgangsmåten.	
	Nykartlegging	Krav (nærare om detaljar i situasjonskart)
	Behov for nykartlegging	Kartgrunnlaget er av nyare dato og det er ikkje trong for nykartlegging. Kartdata kan tingast frå kommunen eller gjennom firma som leverer digitale kartdata frå kommunen.
	Eigedomstilhøve	Kva må / bør gjerast
	Tilstrekkeleg klarlagt	
	Ikkje tilstrekkeleg klarlagt	
	Jordskifte	
	Eigedomstilhøve	Her er fleire heimelshavarar.
	Rettar	
	Fordeling	

9. Planprosess

Medverknadsprosess jf. § 5-1

Det skal bli lagt til rette for ein aktiv medverknadsprosess. Planarbeidet skal kunngjerast som nemnd i § 4.

Det er vanleg å trekke offentlege høyringsinstansar inn i planprosessen ved oppstart av planarbeid. Vidare skal tiltakshavar/planleggjar i samband med kunngjeringa halde orienterings- og drøftingsmøte med dei som skal varslast særskilt om planarbeidet.

Også undervegs bør planleggjar vurdere behov for ekstra møte og legge til rette for annan form for medverknad som drøfting av problemstillingar, førebels utkast o.l.

	Framdrift	Merknad
	Det er informert om saksgangen etter plan- og bygningsloven	Konsulent er kjent med pbl. og reglane i kap. 12
	Forslagsstillar sin planlagde dato for varsling	Forslagsstillar har ikkje oppgjeve planlagt dato for varsling. Vinter 2017? Kunngjering skal vere i samsvar med sjekkliste, vedlegg E og vedlegg D. Planomriss i gjeldande SOSI – format skal vera vedlagt, og planlagt dato for kunngjering skal vera opplyst. Utkast skal kontrollerast av kommunen før kunngjering.
	Det er gitt informasjon om sakshandsamingstid på reguleringsplanar	Her er litt ventetid, men stort sett innafor frist.
	Undervegsmøte	Merknad
	Ein legg opp til ... (tal) møte undervegs før innsending av planframlegg	Ekstramøter er aktuelt.

	Første møte er tidfest til..... (ev tek plankonsulent kontakt når han/ho har eit (uferdig) utkast)	Ikkje avtalt, plankonsulent tek kontakt.
	Gebyr	
	Det vert ikkje gjeve gebyr i saka p.g.a. samarbeid mellom Statens vegvesen og Meland kommune. Reguleringsplanen er i samsvar med prioriteringar i Nordhordlandspakka.	
10 Kommunen sine førebelse råd og vurderingar		
Krev tiltaket politisk avklaringar før kommunen kan gi sine førebelse tilrådingar i høve oppstart av arbeidet?		
Kan ikkje sjå at det krev politiske avklaringar.		

11 Attestasjon	
Prioriterte utgreiingsbehov for planarbeidet er gitt så langt dette let seg gjera med grunnlag i tilgjengelege opplysningar under oppstartsmøtet.	
Det er gitt opplysningar om kommunen si "Startpakke" reguleringsplanarbeid der ein m.a. finn opplysningar om sjekkliste for planlegging" og "Krav til planleveransen" og om kommunale vedtekter og retningslinjer. Informasjonen er i tilgjengeleg på kommunen si heimeside.	
Verken oppstartsmøte eller referatet gir rettar i den seinare sakshandsaminga. Naboprotestar, protestar frå velforeiningar, krav frå offentlege styresmakter m.m. vil kunna føra til krav om endring av prosjektet.	
Ingrid Raniseth Saksbehandlar	Frekhaug, 11.11.2016 Stad, dato